



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Protokoll for møte i Stedje sokneråd, onsdag 19.03.25

Desse møtte:

Astrid Bondevik, Guri Høstaker Nordheim, Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjelm, Kirsti Møller Bruland, Rolv Arvid Leirdal, Grete Katrin Sønnesyn, Britt Hovland Selseng og Edel Dagny Olstad.

Forfall: Kirsti Lunde, Kirsti Møller Bruland, Jan Helge Løvik.

I tillegg var styret for kyrkjelydshytta invitert til møtet, og desse representantane møtte:

Randi Kollsete, Ove Bukholm, Bjørn Skjeldestad, Lars Atle Fretland, Britt Hovland Selseng, Gitte Therkelsen Torstad.

Frå Sogndal kyrkjekontor: Anita Instefjord Brekken, sekretær.

Opningsord ved Marta.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Protokoll frå møte 19.02.25 vart godkjent og underskriven

Tema for møtet: Bruk av kyrkjelydshytta

Anita Instefjord Brekken, som administrerer utleige av Kyrkjelydshytta, fortel at kyrkjekontoret får forespørslar om leige av Kyrkjelydshytta på vinterstid, men desse får avslag då hytta er vinterstengd. Ho meiner det er størst potensiale i å leige ut hytta på vinteren.

I møtet kom det fram at det vil krevje mykje å halde hytta open gjennom vinteren, særleg med tanke på å halde vegen -og området rundt hytta open, samt å halde inngangen til hytta, som ikkje har overbygd inngang, fri for snø og is. Likevel er det ein høg økonomisk kostnad å eige hytta og ein treng utleige for å å drifte ho. Det er soknerådet som eig hytta og som difor har ansvaret for drifta.

Framlegg etter diskusjon: Soknerådet er eit styre for kyrkjelydshytta. I tillegg bør det vere ei hyttenemnd som gjer praktiske oppgåver. Det må vere ein leiar i hyttenemnda som kan vere eit bindeledd mellom kyrkjekontoret og soknerådet.

Drifta stansast på hytta til eit nytt styre for hytta er på plass. Sjå vedtak i sak 12/25.

Orienteringssaker

Gudstenester i Stedje kyrkje: 2. mars var det Sprell levande gudsteneste, der 4- 5 åringar som fekk utdelt bok/hefte. 12.mars var det Stille kveld og 16.mars var det Diakoniens dag i Stedje kyrkje. Mange stoppa att etter gudstenesta 16.mars til kyrkjekaffi.

Soknerådsmedlemmene har fått ei utfordring om å vere med på konfirmantlaurdag, 5.april kl. 10-14.

som medhjelparar. Kvar og ein svarar for seg om dei ynskjer å vere med denne dagen.

Fasteaksjonen: Gruppa som skal lage klar bøsseene finn eit tidspunkt der dei møtast. Gruppa som har ansvar for rodene har allereide ordna dette.

Astrid har teke kontakt med Rita Navarsete, i 17.mai komiteen, om å ha ein appell i parken etter barnetoget. Rita Navarsete var svært positiv til dette og vil ta dette vidare i 17.mai- komiteen.

Sak frå møte 19.02,25; Sak 10/25 Fleire til å stå på lister (kyrkjevert, medliturg og kyrkjekaffivert)

Her har vi ingen namn.

Sak 12/25 Framdriftsplan kyrkjelydshytta.

Vedtaket under samsvarar med informasjon som kyrkjekontoret legg på si heimeside:

***Vedtak:** Kyrkjelydshytta er mellombels stengd for utleige grunna omorganisering av styret for kyrkjelydshytta. Har du lyst til å bidra i styret for kyrkjelydshytta, meld deg til Anita Instefjord Brekken på kyrkjelydskontoret tlf: 57 67 99 85.*

Sak 13/25 El-kontroll og forsikring på kyrkjelydshytta

***Vedtak:** Soknerådet vedtek at det må gjennomførast el-kontroll, dersom dette ikkje er gjort i seinare år. Forsikring på kyrkjelydshytte vert å betale snarast råd.*

Astrid avslutta møtet med å leie oss i Herrens bøn og velsigninga.

Sogndal 28.03.25

Marta Fimreite, leiar

Guri Høstaker Nordheim, sekretær